

# RADAR

NR. 4 — 2021 · 37. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



2-3  
Feiring av  
felleskapet

6-7  
Etikk, takk!  
Tommy Urhaug

11  
Biskopens  
juleandakt

# Flott fest for fellesskapet

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Denne gudstenesta er ei feiring av fellesskapet og ei stadfesting av kor viktig kyrkja er i krevjande tider, sa sokneprest Kjell Sekkingstad under festgudstenesta i Manger kyrkje siste dagen i oktober.

At Manger-kyrkja 27. oktober i år runda 130 år, var også del av feiringa i ei nesten fullsett kyrkje denne fine søndagen. Torild Taule fekk æra av å ønskja alle velkomne, og ekstra stas var det at både fylkesordførar Jon Askeland og Alver-ordførar Sara Hamre Sekkingstad deltok aktivt i gudstenesta.

Og gudstenesta vart i sanning ei feststund. Mykje takka vera barnekoret, som sjarmerte dei langt over hundre framømte. Under Gudveig Kartveit Sundsbøs kyndige leiing trilla det ut fine songar med viktige budskap. Responsen frå benkeradene var iherdig klapping.

Solid applaus fekk også organist John William Kay, som song solo akkompagnert av seg sjølv på flygel. Han har omsett og framførte den danske salmen «Et hus å komme til», ein salme skriven av Janne Mark, der ho skildrar kyrkja som eit hus å kome heim til og søkja trøst i.

## Imponert ordførar

– Eg er imponert over korleis kyrkja på Radøy har møtt folk og tenkt kreativt under pandemien, sa Sara, som saman med ordførarkollega Jon sto for preika denne søndagen.

– Då vi ikkje kunne samlast innandørs til gudsteneste på julaftan i fjor, møttest vi til gudsteneste på kyrkjebakken, og 17.-maigudstenestene vart i år haldne frå kyrkjetrappa. Kyrkja har vore til stades for folk gjennom heile pandemien, og det har vore viktig. Det viser at sjølv i ei krevjande tid, er kyrkja til stades, sa Sara mellom anna.

## Styrte Vestland frå lemman

Jon trekte trådane tilbake til då koronapandemien starta i mars 2020.

– Då vart Vestland fylke styrt frå lemman heime på Sæbø ved hjelp av videomøte på teams. Fellesnemnaren for tida me har lagt bak oss, er fellesskapa. Me vert ofte klar over kva me har – og er ein del av – når me ikkje har det lenger, sa han.

Jon la også vekt på kva plass kyrkja har for fellesskapet, og peika på at kyrkja betyr mykje for langt fleire enn berre dei faste kyrkjegjengarane.

– Ingen er likegyldige til kyrkja, for i Vårherres hus er det mange rom. Og me søker til kyrkja i viktige augeblikk i



Barnekoret opptredde både på familiegudstenesta og festgudstenesta, under leiing av Gudveig Kartveit Sundsbø.



Blide andlet på festgudstenesta, frå venstre Torild Taule, Kjell Sekkingstad, Jon Askeland og Sara Hamre Sekkingstad. (Foto: Audun

livet, og i dramatiske augeblikk. Så kyrkja er viktig, og me må sikra at kyrkja har kraft og folk til å vera der for kvarandre, for trua vår, sa han.

## Barnekoret song velsigninga

Festgudstenesta var prega av mykje song og musikk. Forutan William på orgel, sette trompetist Per Bjørkhaug prikken over i-en under fleire av salmane med sine flotte og høglytte tonar. Av slikt blir det feststemning!

Rørande vart det også då barnekoret mot slutten av festgudstenesta song velsigninga – «Må Gud velsigna deg». Det sette eit verdig punktum for ei flott feiring av fellesskapet!

Etter gudstenesta vart det servert tapasrettar, kaker og kaffe – noko dei 127 framømte viste å setja pris på.

## Endeleg opne benkar

Omtrent like mange møtte opp då det vart arrangert familiegudsteneste i Manger kyrkje den 3. oktober. Det



Sauefjøsena tek form oppe i koret. Det var mange som ville hjelpe Wilco Vogelaar med bygginga.

markerte samstundes gjenopninga av kyrkjerommet, og for første gong på halvtanna år kunne ein fjerna stengslene frå annakvar benkerad.

Under familiegudstenesta fekk fireåringane 4-årsboka, barnekoret song, kyrkjelydspedagog Wilco Vogelaar fekk med seg borna og bygde sauefjøs for å visa fram Den gode hyrde, som ikkje skyr noko for å finna den bortkomne sauena. Det var liv og røre oppe i koret då ungane fekk på seg saueskinn og sette i gang spelet.

I tillegg var det dåp i gudstenesta. Under kyrkjekaffien etterpå uttrykte prest Thor Sommersteth: – Dette er kyrkja på sitt aller beste. Så mange fine menneske, så mykje engasjement og så flott fellesskap. Det er slikt vi vil ha det!



Preika under festgudstenesta delte Sara Hamre Sekkingstad og Jon Askeland mellom seg. Dei reflekterte over kyrkja sin plass i samfunnet.

Framsida:

## Prosesjon ved festgudstenesta:

Jenny Helene Mellingen ber prosesjonskrossen, framføre Sjur André Ulsmog og Gudveig Kartveit Sundsbø. Bak dei kjem fylkesordførar Jon Askeland og ordførar Sara Hamre Sekkingstad. Og bakerst i prosesjonen skimtar me Torild Taule og spr Kjell Sekkingstad. Til venstre ser me kyrkjevert Kristoffer Toska, og på veg inn Arne Juul Urnes.

Foto: Audun Sylta



# Kvardagsmiddag

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

25 menneske var med på den første kvardagsmiddagen på Rasteplassen på Manger. Kyllinggryte og ris stod på menyen denne gongen - like familievenleg som sjølve opplegget.

For dette er eit tilbod for store og små, for alle som vil ha middag på ein onsdag kl 16. Aldersspennet denne gongen var stort, frå 3 til 93 år! Tre frivillige hadde laga maten, og både matlysta og stemninga rundt borda var god.

Denne første gongen var 20. oktober, og så vil det halda fram slik annankvar onsdag. Programmet utanom middag er kort, det er bordvers og naudsynt informasjon. På den måten vert det høve til god prat rundt borda - slik eit godt måltidsfellesskap inviterer til.

For å kunna planleggja maten, er det påmelding til diakonen/kyrkjekontoret, og prisen er 20 kr - eller meir om ein ønskjer.

Kvardagsmiddagen er også registrert som kyrkjemiddag som NMSU står bak, altså ungdomsorganisasjonen til Det Norske Misjonsselskap. På den måten står det i ein endå større samanheng, og me er med i eit stort fellesskap.

Bli med på kvardagsmiddagen onsdag i partalsveker!

Har du tre timar til å vera med og laga middagen 2-3 gonger i halvåret? Då avtalar du med diakonen, møter kl 15 den aktuelle dagen, lagar til maten som alt er innkjøpt, dekkar på, et saman med dei andre, og ryddar etterpå. Ferdig kl 18.



## Frå kyrkjebenken

Tekst: Anne Sofie Nergård Uthaug

Foto: Arve Kjell Uthaug

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

– Jeg har vært aktiv i menigheten siden juni 2021, rett etter vi flyttet til Holsnøy fra Bergen.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?*

– Jeg setter pris på at det er gudstjenester hver uke, spesielt om sommeren. Men jeg setter størst pris på hvor hyggelige de er i menigheten - hver gang vil noen snakke med deg og viser genuin interesse for deg.

– *Korleis vil du skildra kyrkja?*

– Meland kyrkje er en hyggelig kirke som er ganske tradisjonell på linje med Den Norsk Kirke, men også veldig tilgjengelig for de som ikke er fra en kirkelig bakgrunn. Kirken er veldig involvert i det lokale samfunnet, med

mange spesialgudstjenester for barnedåp, småbarn, konfirmasjoner og andre som er godt besøkt av de som vanligvis ikke går i menigheten.

– *Kva salme syng du gjerne for tida?*

– Min favoritt er Amazing Grace, fordi den er på mitt morsmål, som er engelsk. Også er det en av de beste beskrivelsene av det som Gud har gjort for oss, og hvor stort vårt håp er i Ham. Jeg synger den ofte til sønnen eller kona min hvis de er triste eller har en dårlig dag, og det oppmuntrer dem alltid.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– God kirkekaffe er det som gjør kona mi glad. Jeg er ikke en kaffe-fan, jeg liker te best.

### FAKTA

**Namn:** Samuel Alexander Aylmer  
**Alder:** 29 år  
**Bustad:** Holmemarka, Meland  
**Yrke:** Senior Konsulent (Testing)

**KNARVIK**  **SENTER**  
Møteplassen for handel og kultur



**Etikk, takk!**

## Er blitt forsøkt psyka ut mange gonger

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Han er blitt forsøkt psyka ut av motstandarar mange gonger. Like fullt har Tommy Urhaug vunne heile fire VM-gull, ni EM-gull og eitt OL-gull. – Eg har hatt ei eventyrleg reise, seier 41-åringen.**

Det er ytterst få idrettsutøvarar i landet som kan skilta med så mange triumfar i internasjonale meisterskap som Tommy Urhaug. Men vegen til sigrane har tidvis vore prega av «ureint trav» og tendensar til usportsleg opptreden frå andre sida av bordtennisbordet.

Vi møter radværinga Tommy Urhaug heime i stova på Langhøyane, berre nokre steinkast frå barndomsheimen på Urhaug. Her bur han saman med kona Gunn og døtrene Øyvør (10) og Solveig (5). Han er nyss heimkomen med to førsteplassar etter ei internasjonal turnering i Spania.

Medaljegrossiten frå Manger er neste mann i ut i serien etikk, takk – denne gong med fokus på etikk innan idretten.

### Skreik og knytta neven

– Det finst heilt klart etiske problemstillingar innan idretten, også for oss med rackertar i handa. Personleg har eg alltid prøvd å visa gode haldningar. Vi som er utøvarar på høgt

nivå, er jo førebilete for mange unge, og då gjeld det heile tida å ta dei riktige vala og inspirera og motivera andre til å tenkja over sine eigne val.

– Har du opplevd skitne triks under kampar?

– Ja, det har eg. Seinast då eg rauk ut i kvartfinalen i Tokyo-OL tidlegare i år. Eg møtte ein engelskmann som oppførte seg svært høglydt. Han skreik og jubla veldig for kvart poeng han fekk, samstundes som han knytta neven mot meg. Han framsto eigentleg som veldig usportsleg. Det var tydeleg at han gjorde det for å prøva å psyka meg ut.

– Klarte han det?

– Eg bryr meg vanlegvis ikkje om slik oppførsel. At eg heller ikkje brydde meg om måten han oppførte seg i denne kampen, kan nok ha oppigga engelskmannen til å gje ekstra gass for å få meg ut av balanse. Han vann kampen, slik blei det.

Det høyrer med til historia at Tommy tapte OL-kvartfinalen i Tokyo med minst mogleg margin, 12-10 i femte og avgjerande sett.

### Kom gåande ut frå butikken

Tommy Urhaug har fleire døme på usportsleg atferd:

– Under ei turnering i Kina for ein del år sidan var det lagleiaren til motstandaren som var den verste. Han gjorde heilt unødvendige sprell under kampen. Når eg for eksempel skulle plukka opp ballen i nærleiken av hans hjørne, bøygde han seg fram og klappa meg opp i ansiktet. Mange tyr til ufine triks, det er tøft på toppplan.

Dei nemnde eksempla går likevel ikkje nemneverdig inn på den sindige 41-åringen. Gleda ved å spela bordtennis, på både høgt nivå og i andre samanhengar, er gjennomgående positivt for Tommy.

Når vi spør han om endå eit eksempel, svarar han:

– I ei turnering i Italia for snart 20 år sidan skulle eg opp mot ein kar frå Hongkong. Dagen før matchen såg eg tilfeldigvis at han kom spaserande ut frå ein daglegvarebutikk berande på plastposer med vatn. Han stilte i konkurransen klassifisert som rullestolbrukar, slik som eg sjølv, men han hadde klart å juksa seg til det. Det var unekteleg rart å spela kampen mot han når eg visste at han skulle vore i klassen for dei ståande. Han blei avslørt før neste turnering.

### Northug gav hovudbry

– Har du opplevd etiske dilemmaer i karrieren din?

– Ja, eg vil trekkja fram sponsoravtalen med Petter Northug, ein avtale som gjeld brillemerket hans. Midt under prosessen med avtalen, gjekk bomba av med kva han hadde gjort, dette med råkøyning og oppbevaring av narkotika. Då kom eg i skikkeleg tvil om kva eg skulle gjera, seier Tommy og held fram:

– På den eine sida ville eg ikkje bli forbunde med Northug sine krumspring, han hadde jo også køyrd i fylla, og på den måten gje aksept for hans oppførsel. På den andre sida er jo Northug kun eit menneske han også. Livet frå å vera internasjonal toppidrettsutøvar og eit stort idol for mange, til å takla den brå overgangen til sivil status, var tøff for han. Eg tenkte på han som medmenneske og valde å slutføra forhandlingane og bli sponsor for Northugs briller.

– Kva betyr ei slik sponsoravtale for deg?

– Litt forskjellig. Eg frontar brillene hans på sosiale medier, til dømes på Instagram. Så får eg solbriller, litt klede og utstyr, og litt økonomisk støtte.

VATNE  
begravellesbyrå DAHLS  
Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø  
vatne-byra.no

### Lim og utstyrsdop

– Har du opplevd doping i bordtennissporten?

– Nei, det kjenner eg ikkje til. Men det foregår ei form for utstyrsdop viss ein kan kalla det for det. Det er nemleg ein del som triksar og fiksar på racketen sin.

– Korleis då?

– Kort fortald så finst det dei som brukar ein ulovleg type lim på racketen. Det er normalt å tilføra racketen eit lag med lim, og det er noko ein gjer sjølv. Det dannar seg då eit lag med gass mellom belegget og treverket, det gjer at du får meir fart og skru i ballen. Problemet er at nokon miksar limet på ein ulovleg måte. Dei legg på eit tjukkare lag for å få meir fart.

Tommy Urhaug har sjølv opplevd problemet tett på.

– I Aten-OL i 2004 tapte eg kvartfinalen mot ein spelar som vart diska i semifinalen for bruk av ulovleg lim på racketen sin. Han brukte same racketen mot meg i kampen før semien, men då vart ikkje racketen hans kontrollert. Litt bittert å tenkja på at han juksa mot meg i kvartfinalen.

### Engelsk, ikkje kinesisk

Etiske utfordringar eller ikkje; Tommy Urhaug er svært glad for alt han har opplevd på og utanfor idrettsarenaen. Han har spelt bordtennis i alle verdsdelar, han har knytt kontaktar og fått vener over heile verda. Han er glad i familien sin og alle som støttar han. Han er til og med på nippet til å halda fram med karrieren ei stund til.

– Det tør eg ikkje sei klart ja til enno. Det er ein del ting som må falla på plass før eg tek standpunkt til å satsa fram mot OL i Paris i 2024.

Det få veit er at bordtennisen oppsto i England på 1840-talet. Det var ein sport for dei rike og fiffen. Kledd i ballkjoler og findress vart spelet utvikla som ei form for «Gentlemen's Sport» på dei britiske øyar.

– Mange trur det opphavelig er kinesarane si sportgrein, men slik er det ikkje. Mi største bragd i karrieren var då eg slo verdseinaren, som er kinesar, i finalen i London-OL i 2012. Det er alltid kjekt å slå ein kinesar i bordtennis, og spesielt når han er ranka som nummer ein i verda, oppsummerer Radøys eigen gentleman-spelar Tommy Urhaug.

Knarvik  
Blomsterstove  
Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

# Juletankar og databrus

Tekst og foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Det er full rulle i kyrkjekjellaren i Knarvik denne fredagskvelden. Det er Fredagsklubb, og born i 5.-7.klasse fyller romma med latter, leik, spel, konkurransar, pizza i kiosken, og god stemning. Tre av gutane tek seg ein pause frå "Blime"-dansinga som pågår i Speilsalen for å ta ein prat om jul.

– Eg gler meg masse til jul! strålar Sondre. Han, Jonas og Brede ramsar opp alt dei syns er kjekt med jula - så mykje at eg ikkje rekk å skriva det ned.

Me nøstar litt i det - for kva er det eigentleg som er fint med jula som ikkje er så langt unna no, og kva er det tre gutar i 5.-7.klasse tenkjer på når me snakkar om jul?

– Det er gøy med gåver, og masse mat! Eg er veldig glad i koteletter, seier ein.

– Eg er glad i taco, svarar ein annan. Og følgjer opp med at det var forresten ikkje akkurat julemat.

Pinnekjøtt står på menyen hjå dei på julaftan, men det er er ikkje alle som er like glade i det, vertfall ikkje så glad i det som i taco.

– Eg elsker lammekjøtt, seier Jonas.

Matpraten glir vidare, men så peilar me oss inn på andre ting rundt jul. For kvifor er det no eigentleg me feirar jul?

– Fordi julenissen vart fødd! Sondre svarer fort og med eit stort smil - så bryt han ut i latter. – Neida! Eg berre tulla!

Me ler. Og gutane forklarar vidare:

– Det er jul fordi Jesus vart fødd, seier Brede. - Og det var ei stor greie, med masse englar og sånn som fortalde om det til folk, legg han til. - Mange tusen folk faktisk, skyt Jonas inn.

Har dei tru på at det vert snø i år då? - Nei, det vert det ikkje, det er på grunn av rognebæra, kjem det ein kar inn frå sidelinja og fortel. - Det har nemleg vore mykje rognebær og dei ber ikkje tungt to gonger. - Men eg trur det vert snø etter jul, seier Jonas, og rognebærguten nikkar samd, før han hoppar vidare.

Kva med juletelegang, baking og julenissen då?



– Nei, me går ikkje rundt juletreet, seier alle tre. Men dei kan fortelja om både peparkakehus, peparkakeslott og ein pappa som lager sylte til jul.

Jonas får eit engasjert uttrykk i fjeset:

– Ein gong skulle eg finna ut om julenissen finst, så eg satte opp eit kamera ved peisen som tok masse bilder for å sjå om han kom. Han gjorde ikkje det!

Andre har teke foreldra på fersk gjerning i å leggja pakkar under treet, så julenissen har dei ikkje heilt tru på. Då var det kanskje Jesus som vart fødd i jula, likevel?

No nærmar det seg avslutning av Fredagsklubben denne dagen, men gutane vil koma med ei helsing til lesarane av kyrkjeblada:

– Håper alle får ei god jul og drikk masse databrus! seier Sondre, dei andre ler, og må forklara at databrus er energidrikk som er litt lov for dei under tretten.

Når latteren har senka seg ser dei på meg, og seier at dei håper alle har det bra.

– GOD JUL, smiler dei, før dei hoppar ned frå sofaen og spring opp i kyrkjerommet for å delta på avslutning med lystenning.

# Misjonsglede gjev kjempeinntekter

Tekst og foto: Øystein Skauge

På ei veke, to laurdagar på rad i starten av november, hentar dei to store misjonsorganisasjonane i landet vårt inn rundt 600 000 kroner på misjonsmessene i Knarvik.

Det handlar om Det Norske Misjonsselskap (NMS) som har sitt arrangement i Knarvik kyrkje første laurdag i november, og om Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) som føl etter i Nordhordlandshallen laurdagen deretter.

Det er eit samarbeid over heile Nordhordlandsregionen som toppar seg i julemessene til desse to organisasjonane. For NMS handlar det om lokale foreiningar og enkeltpersonar i Alver, Austrheim, Masfjorden, Modalen og Osterøy som går saman om dette store arrangementet.

Julemessa til NLM omfattar medarbeidarar frå omtrent same regionale nivå, men der er ikkje Osterøy med.

Begge desse store messene har tradisjonar som går mange år tilbake. NMS har hatt tilhald i Knarvik lenge, og dei siste åra i Knarvik kyrkje. NLM hadde dei første messene i Haugatun på Lindås, så ein del år i ungdomshuset Dalheim på Hundvin. Men for nokre får år sidan tok dei steget inn i den store Nordhordlandshallen i Knarvik.

No i haust er det full satsing i begge leirar etter fjorårets pandemi. Vi får høyre at kvar av misjonsorganisasjonane har løyve frå Lotteritilsynet til å selje lodd til hovudlotteriet for ca. 160 000 – 170 000 kroner. Og gevinstar får dei inn. Alt blir gjeve frå misjonsvenar. Anten ved produkt som er laga, strikka, sydd, eller som f.eks vakre kunstverk. Andre gevinstar er kjøpte på vanleg måte, og betalte av gjevarane. Hovudgevinsten for NMS er i år ein sykkel til verdi av 8000 kroner.

Under sjølve messa er salsdiskane veldig populære. Det går unna av det som vert lagt fram. Lettast å selje er gjerne matvarer, kaker, lefser, julebakst, hermetisert frukt og andre varer av liknande slag. Massevis av handarbeid vert selt unna. Kunstverk kan byte eigar til prisar på fleirfaldige tusenlappar.



Frå misjonsmessa i Knarvik kyrkje for NMS i 2018

Kaféen er open, og inntektene er gode. Det same gjeld dei veldig populære åresala.

Men julemessene har også ein stor sosial funksjon. Folk møtes, borna har artige tilbod, og praten susar gjennom lokala som ein liten haustkuling.

Likevel: Det er ikkje tilfeldig at dette er messer til inntekt for misjonsarbeidet.

Under messene er det difor naturleg nok forkynning både for born og vaksne.

NLM kjem til å dele inntektene mellom organisasjonen sitt hovudkontor, og eit prosjekt dei kallar «Betre kvardag for born og unge i Sør-Amerika» Det betyr arbeid i Peru og Bolivia.

NMS vil støtte kyrkjeleg og humanitært hjelpearbeid lokalt i sine misjonsland.

## FAKTA

**NMS** er den eldste misjonsorganisasjonen innan Den norske kyrkje.

Samarbeid med kyrkjer i 16 land på fire kontinent.

Ca.1 500 misjonsforeiningar i Norge for born, unge og vaksne.

Nært samarbeid med lokale kyrkjelydar i Den norske kyrkje.

**NLM**, Frittstående luthersk misjonsorganisasjon.

50 000 medlemmer. 2400 foreiningar. Størst i Norge.

Omfattande misjonsarbeid i Afrika, Asia og Sør-

**EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE**

Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

**Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag**

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjæresteinene der du trenger det.

Båten har alle utrustninger i orden, den er også godkjent som sepebåt.

MS Glimt er her et dekkareal på 22 m<sup>2</sup> og en kapasitet på 2 tonn. I tillegg er det en kran med 8 meter rekkevidde. Det er også en kranarm som kan heves ned for å frakte f.eks. maling, ATV, motoriseret frøbåt, etc. stillas eller lignende. Båten skisser i m.å.å.

Vi kan levere totalpakker med båttransport, stillas, maskinutleie, tømrere og matere, alt du måtte ha behov for.

Vi har personell og utstyr til å bygge/ rehabiliterer kaler, maust, hytter og hus.

Te kontakt på tlf. 4013 6666

**Bovågen Service AS**  
Bejervegen 16, 5934 Bovågen  
Tlf. 4013 6666

**Bygg Team VEST AS**

Alt innan tømmerfaget!

**RISNES ELEKTRO AS**

Elinstallatør · tlf. 56349620

# KULTUR- KALENDER

## 1. desember

**Konsert med Radøy damekor m/ folkegruppa Sus i Manger kyrkje kl. 20.00.**

Billetter kr 250. Under 16 år gratis.

## 3. desember

**Konsert med Bjørn Eidsvåg. Knarvik kyrkje kl. 19.00.**

Bjørn Eidsvåg med band inntar Knarvik kyrkje. Billetter: Ticketmaster.no

## 5. desember

**Konsert med Maria Urhaug m/gjestar i Manger kyrkje kl. 19.00.**

Billetter kr 150/100.

## 5. desember

**«Vår jul» i Knarvik kyrkje kl. 21.00.**

Christian Ingebrigtsen, Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen og Tine Thing Helseth. Billetter på ticketmaster.no

## 8. desember

**Julekonsert i Ostereidet kyrkje kl 19.00.**

Ved Te Deum m/fleire.

## 12. desember

**Heile Meland sin julekonsert. Meland kyrkje kl. 17.00.**

Kollekt til Kirkens nødhjelp.

## 14. desember

**Julekonsert i Ostereidet kyrkje kl. 19.00.**

Ved Ostereidet skulemusikk.

## 19. desember

**Julekonsert i Vike kyrkje kl 18.00.**

Ved OsterKlang. Markering av 130-årsjubiléet for Vike kyrkje.

## 19. desember

**Konsert med Manger musikklag i Manger kyrkje kl 19.00.**

## 19. desember

**Julekonsert i Knarvik kyrkje kl. 20.00.**

Sara Helen Romarheim Hetlebakke, med gode venner, inviterer til ein kveld med kjente, kjære og nye juletonar. Kr. 100,- per billett. Gratis for born til og med 6 år.

## 19. desember

**Syng jula inn! Meland kyrkje kl. 20.00.**

Med Felix Vocalis, band og solistar. Inngang kr. 100,-. Vipps: 514247.

## 23. desember

**Litlejulaftankonsert i Knarvik kyrkje kl. 22.00.**

Den tradisjonelle "kvelden før kvelden-konserten" med Kjersti Møllerup Wiik m.fl.

Billetter: TicketCo.no eller tlf. 92 66 39 20. Kr 250,- + avgift.

## 9. januar

**Heilag tre kongars-fest i Sæbø kyrkje kl 16.00.**

Julesongar, julespel, mat og gang om juletreet.

## 13. januar

**Nyttårskonsert med Meland Musikklag og Sjøforsvarets Musikkorps i Knarvik kyrkje kl. 19.00.**

Dirigent og solist Ole Edvard Antonsen.

## 16. januar

**Nyttårskonsert i Knarvik kyrkje kl. 18.00.**

Velkommen til Nyttårskonsert. Arrangør: Norges Korforbund Hordaland.

## 2. februar

**Knarvik kyrkje kl 19.00.**

«Men hva med de andre? Kristendommen og religionene.»

Biskop Halvor Nordhaug deler tanker om et tema som mange av oss baler med. «Jeg er veien, sannheten og livet», sier Jesus. Men hva da med alle de millionene som ikke er kristne? Kan de ha grepet sannheten på andre måter?

**Gaver som forandrer verden**

Gaver for alle anledninger! Velg noe fra vår nettbutikk som passer mottakeren av gavekortet og ditt gavebudsjett. Inntektene skaper forandring for mennesker i nød!

FYSISKE GAVER:

 MAMMAHERTE Fra kr 1600	 SOMMERFUGL kr 200	 VANNDRÅPEN kr 950	 JORDKLODEN kr 1700
--	--	---	--

Du finner disse og flere gaver i vår nettbutikk  
[www.gaversomforandrerverden.no](http://www.gaversomforandrerverden.no)

 KIRKENS NØDHJELP  
act alliance



## ANDAKT

**Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin**

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vør og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kva-

randre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søkjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn) frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan!

Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbød, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vør trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

## Quiz v/ Borgny og Erling Tjore

1. Kva heiter hovudstaden i Estland?
2. Kor mange strengar er det på ein vanleg gitar?
3. 4. juli er flaggdag i Norge. For kven?
4. På kva øy døyde keisar Napoleon?
5. Kva er ein pesk?
6. Kven var sokneprest i Radøy i 1960-åra?
7. Kva er ein hymne?
8. Kva heiter 50 på dansk?
9. Kva tyder ordet disippel?
10. Vart Kong Olav olympisk meister?
11. Kva heiter det minste rovdyyret i Norge?
12. Kor høgt (ca) er Morkefjellet på Radøy?
13. Kva heiter inste bygda i Sognefjorden?
14. Kven grunnla Den Nationale Scene i Bergen?
15. Kor mange kommunar er det i Nordhordland?



**Olaug Bjørke**  
er 74 år, pensjonert  
gardbrukarkone og  
ho bur på Farestveit i  
Modalen.



**Svar, quiz:** 1. Tallin. 2. 6 strengar. 3. Dronning Sonja. 4. St. Helena. 5. Reinskinnskofte. 6. Ivar Dommasnes. 7. Hymne er lovsong. 8. Halvtreds. 9. Lærling, tilhengjar. 10. Ja, olympisk meister i sigling i 1928. 11. Snømus er det minste rovdiret i Norge. 12. Ca 217 m.o.h. 13. Skjolden i Luster kommune. 14. Ole Bull stod bak Det Norske Teater, seinare Den Nationale Scene. 15. 7 kommunar: Fedje, Austrheim, Masfjorden, Alver, Osterøy, Vaksdal og Modalen

## OPPSKRIFT

### Tjukkkalefser

Dette er mor mi si oppskrift som ho fekk av ei venninde. Denne har eg hatt med meg heile livet. Lefsene passar i alle slags høve. Kjekt å ha på lur i frysen i tilfelle kaffigestar. Dei tinar mens du kokar kaffi og kan lunkast i omnen på 50 grader i nokre minutt. Serverast med til dømes smør og brunost eller smør og sukker.

#### Ingrediensar:

- 2 koppar kefir
- 2 koppar sukker
- 1 kopp sirup
- 1 kopp smør
- kveitemjøl
- 2 ts hjortesalt
- 1 ts kanel
- 1 ts kardemomme
- 1 ts natron (rør ut i kefir)

#### Slik gjer du:

Bland kefir, sukker og sirup og ha i smelta smør.

Ha i mjøl med hjortesalt, kanel og kardemomme, til passe deig. Den må ikkje vera for fast.

La gjerne deigen stå kaldt til neste dag.

Kjevlast ut i leivar 7-8 mm tjukke.

Steikjast på takke på middels varme.

Vel bekomme!



Foto: Ann-Jorunn Farestveit

**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**GÅRDBRUKERSERVICE**

LANDBRUK & MARINA Etablert 1981

**PHILIP** NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR **deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund    Havnevegen 31 Frekhaug    Elvavegen 1 Dalekvam

**MELAND ELEKTRO**

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
www.melandelektro.no

## Diakonalt hjørne



Av Gudveig Kartveit Sundsbø

### Kamp for rettferd

Born er flinke til å seie ifrå dersom dei opplever noko urett. Om det er ulik fordeling av brus eller om det er ein som tjuvstarta kappløpet, er dei fleste born opptatt av å stå imot uretten. Med rette. Verdssamfunnet vårt treng desse stemmene. Ikkje berre når storebror får større kjeks, men når me som ungdom og vaksne ser og høyrer om urett.

Diakoni handlar ikkje berre om å hjelpe. Det handlar òg om kampen for eit samfunn der alle vert behandla som reelt likeverdige. På verdsbasis er det me i Noreg som får tjuvstarta løpet, og får brus i glaset til det renn over. Det første av FN sine bærekraftsmål er å utrydde fattigdom. Det kan me vere med på. I Alver, i Noreg, og i verda vert

det større skilje mellom fattig og rik. Me treng jobbe mot dette skiljet både lokalt og globalt, for det rammar oss alle. Me har fleire eksempel på at Jesus møtte fattige, lidande og dei som låg nederst på rangstigen. Han utfordrar oss også til å gjere det same. Om det er på skuleplassen eller globalt.

Kyrkjelyden gjev høve til ei konkret handling når konfirmantane og andre i kyrkjelyden er med på den årlege innsamlinga til Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Dette arbeidet er vår forlengta arm til menneske i naud. Når me er med på dette arbeidet og anna arbeid som kjempar for rettferd, gjev det oss håp. Når me ser at menneske får livsgnist, verdige liv og oppreisning, ser me at det nyttar!

I Diakonens hjørne skriv eg, som diakon, om det diakonale arbeidet i kyrkja på Radøy. I år brukar eg dei 4 emna som definerer diakoni i Den norske kyrkja for å presentere breidda i diakoniarbeidet. Ta gjerne kontakt med meg om du vil gje innspel om diakonalt arbeid i kyrkja: Gudveig Kartveit Sundsbø. Sjå kontaktinfo bakerst i bladet.



«Frå boka «Urettferdig» Goboken»



## VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Av Gunnar Kartveit

Soweto. Namnet tek oss fort tilbake til apartheid-tida i Sør-Afrika.

Ordet er ei forkorting for South West Township, ein millionbydel i Johannesburg der dei svarte skulle bu i det delte Sør-Afrika. Apart tyder fråskild. Men svarte og kvite var ikkje meir skilde enn at dei som budde i Soweto tok toget inn til sentrum av Johannesburg for å vera hushjelper for dei kvite, dvs så viktige oppgåver som å gjera reint, laga mat og oppdra borna deira. Og mange jobba i gullgruvane som gav landet store inntekter, pengar som dei svarte som jobba der, såg lite til.

For to år sidan, 25 år etter at apartheid offisielt vart avvikla, budde eg nokre dagar på eit Bed'n Breakfast i Soweto, nokre hundre meter frå der Winnie og Nelson Mandela budde før han vart fengsla og ho reiste i eksil, og nær der biskop Desmond Tutu har budd. Frå frukostterrassen såg eg slagghaugane frå gullgruvane, og jernbanelinja som tok arbeidarar inn til sentrum av byen. Imellom der har eit



fotballstadion reist seg – først til bruk under fotball-VM i 2010. Litt nærare er ein firefelts motorveg. På den eine sida av vegen ligg eit bustadfelt med hus bygde av papp og bølgeblekk, på den andre sida eit felt med hus av murstein og tre. Og nærast der eg er, trener fotballspelarar på ei grusbane, og der målmannen trener litt ekstra ved å ta armhevingar når ballen er i spel på andre enden av bana.

Området er fylt av liv og venlege menneske, av historie og av samtid. Og det fortel om ei himmelropande urettferd.

Menneskeverdet må løftast heile tida.



# Babysong

Tekst og foto: Gudveig Kartveit Sundsbø

Kvar torsdag formiddag kikar fleire små auge inn på Rasteplassen. Forventningsfulle blikk lyser der dei små veit at dei skal få syngje, bevege seg til rytme og få gode sanseopplevingar. Foreldra følgjer med, og den gode praten flyt lett når småbarnsforeldre møtest. På golvet ligg matta klar, med bamsar, rytmeegg, og småputer.

Babysong er eit tilbod for alle babyar med følgje. Songane, reglene og musikkinstrumenta som vert brukte er lagt opp slik at barnet står i fokus. Foreldra får både lære nye songar og syngje nokre av dei gode, kjente barnesongane saman. Når me kjem til lyttesongen med såpeboblene, stoppar tida litt opp, og borna ser på boblene i rein fasinasjon.

Etter songstunda går praten vidare over ein kopp kaffi. For nokon er det tid for matpakke, og det vert ein god sosial arena for foreldra i permisjon.

Velkomen til alle som vil vere med på babysong!

Kvar torsdag kl 10.30 på Rasteplassen.



## Slekters gang

### Radøy

### Døypte

05.09.2021 i Manger kyrkje  
05.09.2021 i Manger kyrkje  
03.10.2021 i Manger kyrkje  
03.10.2021 i Manger kyrkje  
03.10.2021 i Manger kyrkje  
03.10.2021 i Emigrantkyrkja  
10.10.2021 i Hordabø kyrkje  
10.10.2021 i Hordabø kyrkje  
17.10.2021 i Manger kyrkje  
17.10.2021 i Manger kyrkje  
24.10.2021 i Sæbø kyrkje  
24.10.2021 i Sæbø kyrkje

Thea Juul Urnes  
Tiril Nøttveit Blindheim  
Storm Ivar Storheim  
Sigurd Erstad  
Tilian Fjeldstad Taule  
Johannes Pletten Aasgard  
Eva Sylta Sundsbø  
Signe Marie Haugland  
Kieran Njøten  
Astrid Lygren-Husebø  
Thea Sundt Vaktstjold  
Iris Soltveit Vaktstjold

### Gravferd

14.08.2021 i Manger kyrkje  
01.09.2021 i Hordabø kyrkje  
08.09.2021 i Manger kyrkje  
25.09.2021 i Hordabø kyrkje  
29.09.2021 i Sæbø kyrkje  
11.10.2021 i Manger kyrkje  
12.10.2021 i Manger kyrkje

Magny Kvamme  
Inger Valdersnes  
Randi Bauge  
Helga Berit Håland  
Anne-Kristin Hole  
Ragnar Nordanger  
Anna Baug

## Tankestrek

Av Gunnar Kartveit

«Kva er sanning?»

Pilatus stilte dette spørsmålet til Jesus (Joh. 18,38). Og spørsmålet er stadig aktuelt.

Tidlegare i haust kunne Aftenposten fortelja om ein statsråd som nytta fordelar av bustad som han ikkje hadde rett på. Statsråden måtte gå av, og i kjølvatnet viste det seg å vera fleire saker av tilsvarende art. Eit uklart regelverk kan også visa seg å spela inn her.

Media har mange gonger fått saker fram i lyset som elles ville vore ukjende. Heldigvis har me ikkje tradisjon for å kritisera media for denne typen arbeid her i landet.

Statsleiarar med autoritære trekk kallar media for fiende. Undertonen er klar: Dei ønskjer ikkje å bli avslørte når dei misbrukar makt eller ressursar som dei har tilgang til pga stillingen sin. Dei har forstått kor viktig media er for å halda korrupsjon og annan fusk borte: Sanninga blir ein fiende.

Nobels fredspris i år går til to journalistar som vågar liv og helse for å løfta fram sanninga. Sanninga er så viktig for dei fordi ho er frigjerande og dempar urettferd og uro i eit samfunn.

Ei fri og uavhengig presse er avgjerande for demokratiet, og dette samfunngodet er ein verdi som me må ta godt vare på.

Det følger også eit stort ansvar med å vera journalist og ha eit offentleg medium som talerøyr. Ytringsfridom er viktig, men det tyder ikkje at alt skal seiast og offentleggjerast.

Det kan vera nyttig å minna kvarandre om det åttande bodet og Luthers forklaring:

**Du skal ikkje tala usant om nesten din.**

*Kva tyder det? Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje svik nesten vår, ikkje baktalar han eller spreier vonde rykte om han, men orsakar han, talar vel om han og tek alt i beste meining.*



**Gudveig Kartveit Sundsbø**  
Diakon  
938 40 587



**Wilco Vogelaar**  
Kyrkjelydspedagog  
479 73 670



**Kjell Johan Sekkingstad**  
Sokneprest  
951 41 360



**Kristin Blindheim Brakstad**  
Administrasjonssekretær  
400 01 691



**Arne Palmesen**  
Kyrkjegardsarbeidar  
911 53 484



**Monica Haukeland**  
Kyrkjetenar  
966 97 814



**Håkon Glatved-Prahl**  
Kyrkjetenar  
900 89 450



**Thor Sommerseth**  
Prest  
913 17 559



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

### Telefon:

4000 1691  
kvar dag kl 10.00 – 14.00.  
post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

### Facebookside:

radoykyrkjelyd

### Kontonummer:

3636 07 04682

### Vipps:

24042  
Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Alver kyrkjelege fellelsråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø  
post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjevevjerje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellelsrådet:** Grethe Lunde,  
gr-lunde@online.no

### Soknerådsleiar Radøy:

Gunnar Kartveit  
gunnar@kartveit.com

### Radar

**Utgjevar:** Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn og Mo sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger  
Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl.

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Bodoni AS



**Audun Sylta**  
Dagleg leiar Radøy og Lindås  
901 95 179



**Helge Taranrød**  
Prost  
415 28 318



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjevevjerje  
482 84 872



**J. William Kay**  
Organist I/Rådgjevar  
915 91 482



**Frode Skag Storheim**  
Organist II  
948 38 985



# GUDSTENESTE- KALENDER

## 28. november

Sæbø kyrkje 11:00  
1. søndag i adventstida  
Thor Asbjørn Sommerseth  
Frode Skag Storheim

## 5. desember 2021

Manger kyrkje 11:00  
2. søndag i adventstida  
Avskilsgudsteneste for Thor  
Sommerseth. Prost Helge  
Taranrød vert med.

## 19. desember 2021

Manger kyrkje 11:00  
4. søndag i adventstida

## 24. desember 2021

Hordabø kyrkje 14:30  
Julaftan

## 24. desember 2021

Emigrantkyrkja 14:30  
Julaftan

## 24. desember 2021

Manger kyrkje 16:00  
Julaftan

## 24. desember 2021

Sæbø kyrkje 16:00  
Julaftan

## 25. desember 2021

Manger kyrkje 12:00  
Juledag  
Festgudsteneste med mykje  
song og musikk. Solosong,  
Per Bjørkhaug  
trompet, William Kay orgel.

## 2. januar 2022

Manger kyrkje 11:00  
Kristi openberringsdag

## 9. januar 2022

Hordabø kyrkje 11:00  
2. søndag i openberringstida

Sæbø kyrkje, 16:00  
Heilag tre kongars-fest.  
Julespel, gang om juletreet,  
mat

## 16. januar 2022

Sæbø kyrkje 11:00  
3. søndag i openberringstida

## 23. januar 2022

Manger kyrkje 11:00  
4. søndag i openberringstida

## 30. januar 2022

Hordabø kyrkje 11:00  
5. søndag i openberringstida

## 6. februar 2022

Manger kyrkje 11:00  
6. søndag i openberringstida

## 13. februar 2022

Sæbø kyrkje 11:00  
Såmannssundagen

## 20. februar 2022

Manger kyrkje 11:00  
Kristi forklåringsdag

## 27. februar 2022

Hordabø kyrkje 11:00  
Fastelavnssundag

## 6. mars 2022

Manger kyrkje 11:00  
1. søndag i fastetida

## 13. mars 2022

Sæbø kyrkje 11:00  
2. søndag i fastetida

## 20. mars 2022

Hordabø kyrkje 11:00  
3. søndag i fastetida

## 27. mars 2022

Manger kyrkje 12:00 (NB  
tida)  
Festgudsteneste  
Maria bodskapsdag

## 3. april 2022

Hordabø kyrkje 19:00  
Tomasmesse  
4. søndag i fastetida

## 10. april 2022

Sæbø kyrkje 11:00  
Palmesundag

## 14. april 2022

Manger kyrkje 19:00  
Skjærtorsdag

## 15. april 2022

Manger kyrkje 19:00  
Langfredag

## 17. april 2022

Manger kyrkje 11:00  
Påskedag

## DET SKJER:

Annankvar onsdag kl 16-  
17: Kvardagsmiddag for  
alle, Rasteplassen. 20  
kr pr person

Onsdagar kl 17-18:30,  
oddetalsveker: Godly  
Play / Gudsrikeleiken,  
Manger kyrkje. Born  
6-10 år.

Onsdagar kl 17-17:45,  
partalsveker: Barnekor  
4 år – 2. klasse, Manger  
kyrkje.

Onsdagar kl 18-19,  
partalsveker: Barnekor  
3.-7. klasse, Manger  
kyrkje.

Kvar onsdag kl 19:30:  
Radøy damekor, øving i  
Manger kyrkje

Kvar torsdag kl  
10:30: Babysong,  
Rasteplassen.  
For born og foreldre

For meir info:  
Sjå kyrkja.no/radøy  
Påmelding:  
minkirkeside.no/radøy  
eller tlf 938 40 587



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje